



I Uskedalen var det lenge slik at ein gjekk

**julebukk 12.juledag, kvelden før.
Innflyttarar med sine tradisjonar gjekk på 13. dag.
Dermed kom det julebukkar kveld etter kveld.
Dette vart det rydda opp i ved at FAU på skulen
oppmoda om at ein brukar den rette kvelden.**

I mi tid som barn på1950/1960 talet brukte vi nissemasker, var godt utkledd og det var viktig åvera ukjenneleg. Vi vart alltid spurde kor vi kom frå. Svaret var som oftas tUlvanoso eller Englafjell. Stort meir sa vi ikkje. Vi fekk julekaker,appelsiner og anna julegodt. Vi delte broderleg slik at alle fekk litt av kvart. Radiusen vår var naboane og grenda.

På 1970/1980 talet var det ikkje så nøye med det å vera ukjenneleg. Borna var meir naturleg utkledd i gamle kle, var sminka og hadde ein song på døra. Området vartuttvida og dei minste borna vart køyrde og passa på av foreldra. Det vart mindre av julekjeks og meir sjokolade og konfekt.

I dag er mange førebudde på at julebukkane kjem. Ein gjer innkjøp med tanke på innrykk. Julebukkane får snop som er laga til på førehand. Julebukkane er meir pratsame i dag, fortel og syng. Det som ikkje har endra seg, er at ein går saman i flokk og fylgje. Syskelag og venegrupper finn saman og står ofte fram som ein familie med mor, far og borna.

Stundom går vaksne julebukk, særleg dersom det høver med ei helg. Dei seier ikkje noko, er godt utkledde og vil sjå kor langt ein kjem utan å verta avslørt.

Av Kristian Olav Beingedal
Foto: Ola Matti Mathisen

